

20 nye bueiningar vert planlagde i sentrum

02.03.2015



Dette er Stølen, som no vert seld

Uskedal Egedom A/S, som har Johannes Hjønnevåg og Trond Myklebust som aksjonærar, planlegg no byggjing av inntil 20 bueiningar på ein sentrumseigedom som dei skal erverva. Det er Stølen, som Kjell Magne Haugland eig og som er på 4 dekar.

Den ligg inntil Hagetunet, som Hjønnevåg tidlegare har bygd ut og som inneheld 17 bueinigar. Siste del av Hagetunet vart fullført i 2011. Det nye prosjektet skal primært bestå av bustader for eldre og utforminga vil naturleg nok minna om Hagetunet, som har fått mykje ros .

Johannes Hjønnevåg presiserar overfor uskedalen.no at prosjektet førebels er i ein tidleg planleggingsfase. Det rutinemessige oppstartsmøte med nøkkelpersonar i kommunen er imidlertid avvikla og Hjønnevåg har godt håp om eit positivt utfall.

Rett nok er det aktuelle område i kommuneplanens arealdel sett av til framtidig offentleg areal og det må difor omregulerast til bustadføremål. Men ein regulering til bustader er i tråd med den nye arealstrategien som no er laga for sentrum i Uskedalen og det bør derfor vera godt håp om at omregulering vert akseptert også på politisk hald - i forvaltningskomiteen. Førebels er imidlertid politikarane ikkje kontakta.

Familien som forlet Stølen skal flytta til konas heimstad i Rosendal.

Allereie før Johannes Hjønnevåg fullførte Hagetunet for 4 år sidan etterlyste han meir sentrumsnær byggjegrunn slik at det kunne reisast enda fleire bustader for eldre. Det var stor pågang frå interesser og interessen har truleg ikkje minka i åra etterpå.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen